

Uskedal skulemusikk

Nr.

## ADVENTSKALENDER 2020



Pris kr 100,-



1. Heimestrikka lue
1. Heimestrikka skjerf, småbarn
2. Heimestrikka vottar
2. Heimestrikka gryteklutar
3. Heimestrikka sokkar
3. Strikkesett lue og vottar
4. Heimestrikka vottar
4. Heimestrikka tøflar
5. Lue
5. Heimestrikka gryteklutar
6. Heimestrikka vottar
6. Bok: Frå heim til heim
7. Drikkebelte, Kari Traa
7. Julestrikk og tennbrikettar
8. Korg med kjøkkenting, Clas Ohlson

Den populære adventskalendaren er i salg.

- Vi er heilt overvelda og veldig takksame for den velvilje vi møter hos både bedrifter og privatpersonar når vi ber om støtte til den årlege adventskalendaren vår, seier Monica Hermann og Haldis Aakra i styret for Uskedal skulemusikk. No er den populære kalendaren i salg, og på årets utgåve er det rekordmange flotte gevinstar!

Uskedal skulemusikk

Nr.

**ADVENTSKALENDER 2020**

Pris kr 100,-



Kunngjering kvar dag i desember  
på [www.uskedalen.no](http://www.uskedalen.no)  
Vinnaren tek med seg kalenderen  
og hentar gevinsten på AUTO 88,  
Uskedalen innan 11.01.21

TAKK TIL ALLE SOM HAR STØTTA  
OSS MED GEVINSTAR OG TIL DEG  
SOM STØTTAR  
USKEDAL SKULEMUSIKK



1. Heimestrikka lue
1. Heimestrikka skjurf, småbarn
2. Heimestrikka vottar
2. Heimestrikka gryteklutar
3. Heimestrikka sokkar
3. Strikkesett lue og vottar
4. Heimestrikka vottar
4. Heimestrikka tøflar
5. Lue
5. Heimestrikka gryteklutar
6. Heimestrikka vottar
6. Bok: Frå heim til heim
7. Drikkebelte, Kari Traa
7. Julestrikk og tennbrikettar
8. Korg med kjøkkenting, Clas Ohlson
8. Strikkesokkar, barn
9. Heimestrikka tøflar
9. Heimestrikka gryteklutar
10. Heimestrikka sokkar, vaksen
10. Vinsett
11. Gåvepakke te/tesil
11. Dyrelotto
12. Grasklippar (leike), Kvinnherad Bygg AS
12. Spekepølse, Friheim Gardsmat
13. Gåvepakke, Vitusapotek Kvinnherad
13. Ullsett, barn
14. Produktpakke, Trend Frisør
14. 2 stk sengesett
15. Gåvepakke, Vitusapotek Husnes
15. Pakke med godsaker, Elins Matgleder
16. Produktpakke, Zjakk frisørsalong AS
16. Sjømatpakke, Brødr. Hjørnevåg AS
17. Hekla duk
17. Gåvekort, Gros Blomster
18. Leigebil 3 døgn, Kvinnherad Auto
18. Gåvekort, Spar Uskedalen
19. Strikkagenser, barn
20. Gåvekort, Monter Kvinnherad/Øybygg
21. Strikkagenser, herre
22. Skogsmaskin (leike),  
Felleskjøpet og Uskedal skulemusikk
23. Dokke med strikkeklede
24. Hekla duk
24. Flybilletter t/r Stord- Oslo, 2 pers, Stordflyet

Det er ei imponerande gevinstliste i år.

1 / 1

Det er det 8. året Uskedal skulemusikk sel adventskalendaren, og den er blitt så populære at i mange heimar er den eit 'must' for at dei skal sikra den gode førjulsstemninga. Med trekking av gevinstar som vert kunngjort kvar

morgon i notisspalta på uskedalen.no, skaper den både stemning, spenning og glede fram mot juleaftan. Den geniale idèen kom frå Fitjar skulekorps.

I år er det fleire gevinstar enn nokon gong. Heile 43 gevinstar skal skape glede hos vinnarar fram til juleaftan. Monica Hermann og Haldis Aakra i styret er svært takksame for all støtta dei har fått.

- Det er ikkje til å tru! Alle er positive når vi kontaktar dei, og i tillegg har mange tatt kontakt med oss. Dette har resultert i ei variert gevinstliste med mange flotte ting. I år kan vi særleg skilta med så veldig mange flotte handarbeid.

På grunn av korona-sitasjonen vert det utfordringar når det gjeld salget. Det vert ikkje lagt opp til vanleg dørsalg. Det blir nok eit sagn for mange at dei blide muskantane ikkje kjem på døra.

- Men vi håpar likevel at vi skal klara å selja ut heile opplaget på 500 i år også. Det pleier å vera rift om kalendarane. Dei blei lagt ut for salg hos Zjakk frisørsalong og hos Gros Blomster i går.

I tillegg er kalandaren å få kjøpt hos muskantane eller hos Haldis Aakra (**tlf 970 43 869**) eller Monica Hermann (**tlf 906 35 493**). Ring eller send ei melding, så gjer me avtalar om betaling/levering av kalendar, forklarar dei to eldsjelene om korleis salget vil føregå.

Dei avsluttar med å igjen takka alle som har gitt gevinstar, og håpar at mange vil kjøpa den i år og. Kalendarsalget er viktigaste inntektskjelda til skulemusikken. Dei vil også retta ei stor takk til Zjakk og Gros Blomster som hjelper til med salget, og til Auto 88 AS som også i år hjelper med å levera ut gevinstane til dei heldige vinnarane.

Tekst, foto og tekst: Thor Inge Døssland